

Aktivitetsplan 2015/2016/2017

Dato:	Aktivitet:	Ansvarleg:
Fred. 16. okt.	Heim i haust	Erling, Laila M, Anne-Mari, Alice
Sønd. 18. okt	Basar/Jubileumskonsert	Ingunn, Tove, Harald , Laila Berg
Laurd.31.Okt	Nordvest Meisterskapen Molde	
Sønd. 29. nov.	Julegrantenning	Styret
Søn. 20. des	Julekonsert	Styret
2016:		
Laurd. 9. jan.	Nyttårskonsert	John Inge, Lisbeth, Tor-Åge, Heidi, Asbjørn
Laurd. 9. jan.	Årsfest	Terje, Sindre, Marte
1.- 3. april	Kyrkjekonsert	Noteutvalet - styret
Søndag 29. mai	Storbriefing av komitear og tillaging	
3.-5. juni	Stormfestival	Eigen komite
Haust 2016 eller våren 2017		Utanlandstur Komite

Hadde ei flott øvingshelg

Første helga i oktober hadde vi besøk av gjesteinstruktør Morten Fagerjord.


Vi øvde fredag kveeld, laurdag og søndag i mange timar. Vi hadde mest fokus på melodiane vi skal spele på Nordvestmeisterskapen i Molde laurdag 31. oktober.

Morten Fagerjord var her første gong for eit år sidan, og det var mange som likte han godt.



Vi hadde mange timar med god øving og fekk mange tips frå Mo i Ranaa-væringa som bur på Lillehammer.

*Over-
sikteleg
og greit
notearkiv.
Lett å
finne
fram.*



Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 8

22. årgang

Oktober 2015

Basar, jubileum, konsert og konkurranse



Søndag 18. oktober blir det 95-års jubileumskonsert og basar i grendahuset i Vågsvåg. Jubileet blir markert med ein konsert og litt historikk i starten av basaren, klokka 16.00. Etterpå blir det tradisjonell basar med mange flotte aktivitetar. Holvik skulekorps (bildet) skal underhalde på basaren. Fredag 16. oktober skal Torskangerpoll Musikklag halde konsert på Haim i haust.



Laurdag 31. oktober skal vi delta på Nordvestmeisterskapen i Molde.

www.torskangerpoll.no



Spelar på Heim i haust

Fredag 16. oktober, to dagar før basaren, så skal Torskangerpoll Musikklag spele og underhalde på heim i haust i Samfunnshuset på Raudeberg.

Set av denne kvelden til eit fint opplegg med spennande underholdning. Det blir konsert med lett populær-

musikk. Og ikkje minst blir det fleire sangsolistar denne gongen frå egne rekker.

Gro Haugen frå Raudeberg skal vere gjesteartist, og det blir veldig bra. Det er gratis å komme inn. Det blir seldt kaffi kaker, øl og vin. Raudeberg Aktiv, som arrangerer Heim i haust, skal ha eit lotteri.

Tek gjerne imot gevinstar

Søndag 18. oktober held Torskangerpoll Musikklag sin årlege basar i grendahuset i Vågsvåg.

Planlegginga av basaren er i full sving. Og har du gevinstar eller vil støtte laget og basaren så kontakt

Ingunn Kvalheim på 41335683 eller ingunnkval65@hotmail.com.

Håpar du tek imot loddselgarar om dei dukkar opp, og at du merkar av denne søndagen til å gå på triveleg basar.

Har sendt ut hundrevis av invitasjonar

Planlegginga av ny stormfestival er i full gang. Det skal gjennomførast 3. 4. og 5. juni 2016.

Det nye i år er at vi inviterer både korps og kor til å delta.

Planlegginga av festivalen starta i vår, og no er det ei rekke personar som jobbar med opplegget. Det er sendt ut invitasjon til mange hundre kor og korps. Og nokon har allereie meldt si interesse.

BASAR



Jubileumsmarkering og basar med Torskangerpoll Musikklag Søndag 18. oktober i Våge/Oppedal Grendehus

Klokka 16.00: 95-års jubileumskonsert og markering med Torskangerpoll Musikklag

Klokka 16.30: Basar med mange aktivitetar, kafeteria, åresal, loddosal. Mange flotte gevinstar.

Holvik skulekorps spelar på basaren

Arr: Torskangerpoll Musikklag

